

nr. 2 - 2013

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



Fargerik skaparglede

Kunsten er ein naturleg del av kvardagen i Båsmobakken barnehage.

AV: UDITH SØRHHUS LITLHAMAR FOTO: BÅSMOBAKKEN BARNEHAGE

Båsmobakken barnehage er ein privat barnehage i Mo i Rana. Barnehagen har 20 barn mellom 1 og 3 år og 50 barn mellom 3 og 6 år. Dei har sidan midten av 1990-talet vore opptekne av kreativitet og har jobba med å gje borna høve til å uttrykke seg i formingsfaget.



Båsmobakken barnehage er ein privat barnehage i Mo i Rana. Barnehagen har 20 barn mellom 1 og 3 år og 50 barn mellom 3 og 6 år. Dei har sidan midten av 1990-talet vore opptekne av kreativitet og har jobba med å gje borna høve til å uttrykke seg i formingsfaget. Dei siste sju åra har barnehagen jobba konsentrert med filosofien til Reggio Emilia.

For oss er ikkje arbeidet med kunsten eit prosjekt. Kunst som uttrykk er eit av dei viktigaste fagområda våre og ein stor del av kvardagen. Det kan vere veldig ulike tema for kunstprosjekta, alt frå å undersøke element som vatn til å forske på apekattar, sirkus, vennskap eller lys, seier styrar Susanne Jøsevoll.

Stiller ut

Båsmobakken barnehage har hatt fire store kunstutstillingar sidan 2007. Dei første utstillingane arrangerte barnehagen i lokala til Rana museum. Den siste vart vart halden i eit gammalt fjøs i bygdemuseet som ligg like ved barnehagen. Då feira barnehagen opninga av utstillinga med ein skikkeleg haustfest, der dei inviterte foreldre, søsken og besteforeldre. Til saman på alle utstillingane har barnehagen hatt om lag 5000 besøkjande.

Her stilte me ut resultatata frå kunstprosjekt dei to siste åra. Her var alt frå portrett, store fellesarbeid, arbeid i kol, leire, pastell, landart og i tova ull. Borna har blant anna arbeidd med kaptein Sabeltann, apekattar, sjiraffar, dinosaurar,

ballerinaer og kråker. Bakgrunnen for utstillingane er å vise den fantastiske kompetansen borna har, og verdsetje det kunstnariske uttrykket deira på ein respektfull måte, men også å inspirere andre, både born og vaksne, til å jobbe med uttrykk innanfor kunst, seier Jøsevoll.

Vart inspirert

Frå våren 2006 til hausten 2011 hadde Båsmobakken barnehage ein kunstnar tilsett.

For oss er det viktig at dei tilsette arbeidar mest med dei områda dei er best på. Å utvikle kompetansen innan kunst har vore prioritert i fleire år.

Opphaldet til kunstnaren inspirerte fleire av dei tilsette til å gå på kurs der dei kunne lære



meir om prosessorientert arbeid med kunst i høve born. No har desse fire ansvaret for kunstarbeidet på begge avdelingane. Jøsevold meiner vidare at det er viktig å ha god kunnskap om ulike teknikkar og materiale for at ein skal vere i stand til å rettleie borna i læringa deira. I 2004 bygde barnehagen i tillegg eit eige atelier.

Eit eige rom med mange og store vindaug og god belysning som er i drift kvar dag året rundt. Her har me bygd opp eit system med mange ulike materiale, slik at ein veit kva ein har, og kva ein kan bruke til dei ulike uttrykka. Det er viktig at materiale og utstyr er av god kvalitet, elles får ikkje borna det resultatet dei vil ha. Dei veit godt kva måling som kan brukast kor, og kva tuss dei må bruke for å få den streken dei vil.

Utviklar fantasien

Målet med kunstarbeidet er å gje borna mange og varierte sanseintrykk, slik at dei skal kunne bruke kunsten som ein reiskap til å arbeide med impulsar og inntrykk. Det er naturlegvis også eit mål å få borna til å eksperimentere og gje uttrykk for eigen fantasi, draumar og førestillingar.

Via kunsten lærer borna mykje om samarbeid og demokratiske prinsipp. Mange av bileta er store arbeid på 2x2 meter, og borna har full kontroll over prosessen frå byrjinga til slutt, kva innhaldet skal vere, og kva fargar dei vil bruke, seier Jøsevold.

Ho meiner arbeidet er viktig for å utvikle fantasi, kreativitet og skaparglede. Og ikkje minst er det ei øving i konsentrasjon og koordinasjon mellom auge og hand.

Me ser også at born som i utgangspunktet er usikre, utviklar seg gjennom å oppleve meistring. Dei får utvikle eit «språk» som dei kan uttrykke seg gjennom, og for mange opnar det seg då ei ny verd, samstundes som det gjev dei ein heilt ny status i gruppa.

I 2010 vann barnehagen den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur. Dette tiltaket er knytt opp til Kunnskapsdepartementet sin strategiplan for kunst og kultur i opplæringa. Prisen vart gjeven for prosjektet «Sirkus Bananas».

BOKPRAT

SPELER PÅ LAG MED TEKSTEN



Annlaug Auestad

Alder: 47

Bur: Både i Bjørheimsbygd og på Randaberg

Arbeider med: Illustrasjon, litt grafisk design og bildekunst. Har gjeve ut bøkene Neppe, Kuvenninnene og L. And. I tillegg har ho illustrert fleire bøker. I den siste boka møter me L. And, som skriv i dagboka si om vasskrekken sin.

Annlaug Auestad trur borna likar sprø ting. I den siste boka hennar skriv L. And dagbok om vasskrekken sin.

Av Judith Sørhus Litlehamar

— Kvifor barnebokillustratør?

— Det var noko eg drøymde om ganske tidleg i livet. Eg har alltid drive med teikning og har utdanninga mi frå kunsthøgskulen i Bergen.

— Kvifor barnebøker?

— Det vart mest naturleg med barnebøker. Born er eit perfekt publikum, med fantasien og kreativiteten intakt.

I boka Neppe skreiv og illustrerte du — korleis er det å skape heile historia?

— Det var gøy å lage både bileta og teksten. Eg har jo ikkje skrive noko før den boka, så det var freistande å prøve begge deler.

Kuvenninnene vart populær. Kvifor slo ho så godt an, trur du?

— Kuvenninnene er ei litt annleis bok.

Teksten er på kuspråket, så ein må raute med for å komme gjennom boka. Eg trur at born likar såne litt sprø ting. Kva er viktig å tenkje på når du illustrerer bøker for barn?

— Det er viktig å prøve å spele på lag med teksten utan at han blir gjenteken. Bilda har eit anna språk. Ein kan leggje til og trekkje frå, slik at teksten og bileta utfyller kvarandre. Det er noko eg har i bakhovudet når eg jobbar med ei bok.

Kva blir du inspirert av?

— Alt mogleg, eigentleg. Det kan vere pussige ting eg ser eller høyrer, og så er det jo ein fordel å bli inspirert av teksten og korleis han skal angripast.

Korleis skaper ein eit godt samspel mellom illustrasjonar og tekst?

— Dersom bileta supplerer og utvidar teksten — og motsett —, så trur eg det er bra. Det kan òg vere positivt dersom forfattar og illustratør har ein dialog om tekst og bilde. Då kan ein plukke frå og leggje til, slik at heilskapen blir best mogleg.

Korleis veit ein om boka fenger målgruppa?

Hmm ... Dersom ein likar boka sjølv, så er sjansane der for at andre òg likar ho, men elles så er det eit sjansespel å gje ut bøker.

Kva er draumeprojektet/boka?

Det må vere neste prosjekt! Følg med, følg med ...



POM OG PIM

Av Lena og Olof Landström
Samlaget 2013

Forfatarane bak bøkene om Bø og Bæ og Benny har skapt dei nye vennene Pom og Pim. Dette er gode kvardagshistorier om flaks og uflaks, om korleis noko som i utgangspunktet ikkje er så bra, kan snu og bli positivt og fint.

Boka kom på svensk i 2012 og er allereie omsett til fleire språk. Teikningane er store og ber heile historia.

Fargane er duse og gjev oss ei kjensle av noko som er jordnært og litt forsiktig. Problema Pom og Pim støyter på, er kanskje ikkje så store, men dei er verkelege og viktige nok akkurat her og nå.

Det er flaks når ein finn pengar til å kjøpe is for, men uflaks når ein et isen så fort at ein får vondt i magen.

Forteljinga syner borna at ein ikkje treng å gje opp om verda går i mot. Som regel vil det løyse seg. Boka passar truleg best for borna mellom to og fem år.

Judith Sørhus Litlehamar



PIT PARION

EIT STORT OG SKUMMELT MÅL

- Så Anna?
- Ja?
- Kunne du ha sagt noko om det å vera barnebok-forfattar, illustratør og småbarnsmor?
- Eg er jommen ikkje sikker du, men eg skal prøva.



ANNA FOLKESTAD ER
ILLUSTRATØR, FORFAT-
TAR OG SMÅBARNSMOR

For meg byrja draumen om å få laga barnebøker då eg fekk born sjølv.

Eller, ikkje med ein gong, sjølv-sagt. I byrjinga tusla eg rundt i ei altoppslukande ammetåke og var særns nøgd med det.

Det var då eldstemann fekk ei Bø og Bæ-bok (*Bø og Bæ gjer reint*, for å vera heilt presis) til 2-årsdagen, at eg fekk auga opp for slike små og enkle bøker.

Me las og las, om att og om att. Eg vart fasinert over at guten, og endå meir eg sjølv, ikkje vart lei av å lesa ei så enkel bok. Gode og sjarmerande karakterar. Enkel og fin tekst.

Ei bok som treffe oss begge langt inn i hjartegropa.

Og for meg som er vaksen opp med nynorsk, så var jo desse to figurane heilt perfekte!

Utdrag frå middagsbordet, då Anna var omlag 13 år:

M: «Noko som skjer denne veka, Anna?»

A: «På mandag skal eg ...»

P: «Måndag.»

A: «På måndag skal eg ha med meg ein pinne på skulen.» (Her skulle eg truleg ikkje ha med meg ein pinne, men det er ikkje det som er poenget i

dette utdraget.)

A: «Og på tirsdag ...»

P: «Tysdag.»

A: «Greitt. Og på tysdag skal me ta pinnen med heim.»

Så, når nokon lurar på kvifor eg skriv på nynorsk, synest eg det er like rart som ...

Nei, eg veit ikkje kva det er like rart som, men eg har alltid gjort det. Kvifor slutta fordi eg skulle skriva ei bok?

Eg skal vedgå at eg ikkje visste kva som rører seg i barnebøker, då eg bestemte meg for å laga ei bok.

Eg kjende best til dei bøkene som eg sjølv hadde minner frå då eg var lita.

Eg hugsar at *Trollkrittet* var ein favoritt. Eg hugsar også at eg skrytte på meg at eg hadde lese boka lenge før eg orka å lesa så lange tekstar, fordi eg kunne ho utanåt.

Men det å laga ei bok tok si tid. Det tok lang tid. Det tok faktisk heile 5 år før eg våga å senda noko inn til eit forlag.

No sat eg ikkje pal i 5 år, natt og dag, og skreiv og skisserte det eg makta. Nei, det var idear som kom og gjekk. Figurar som dukka opp på skissepapiret og sa hei, men som ikkje hadde noka historie å fortelja. Ein baby til, og flytting to gongar. Men tanken om ein gong å få gje ut ei bok var alltid med meg.

Det som til slutt vart boka om Henrik And, hadde nok ikkje vorte til om eg ikkje hadde prøvd alle desse åra. Tenkt at om eg berre hadde teikna som han, eller skrive like morosamt som ho. Eller rett og slett vore nokon annan. Ja

då, då hadde det vore lett.

Ein dag dukka Henrik opp på skisseblokka mi. Han såg så lei seg ut at eg måtte spørja kva som var i vegen. Det var då han svara at han heller ville vore noko anna, men ikkje var heilt sikker på kva.

Henrik And vart laga då eg var i fødselspermisjon med sistemann.

Sidan illustrasjonane er laga med collage-teknikk, så vart det ein del klipping og liming.

Det føregjekk slik at eg sat ved pulten og klipte medan eg brukte venstrefoten til å vogga veslejentia i søvn. Då fekk eg tid til å jobba medan ho sovna, og når ho sov.

Ja, for ein må vera effektiv når ein får nokre minutt med boklaging.

Det er slik eg jobbar; tenkjer på det som eg skal skriva, medan eg går og handlar, skisserer litt medan eg sit ved senga og ventar på at ein unge skal sovna.

Skisserer vidare når eg set meg ned i sofaen for kvelden. Tenkjer litt til før eg sovnar.

Slik som denne teksten her, den tenkte eg ut medan eg laga ein salat.

Og så er det veldig godt å ha menneske rundt seg som støttar, som lar meg få halda på med dette som er draumen min.

All ære til dei. Nei, dei skal eg ikkje gløyma.

Eg fekk ein gong eit råd (eit jysla godt eit også, om eg må få seia det):

«Skriv den beste boka du vil at ungane dine skal lesa.»

Så det er målet. Eit stort og skummelt mål, som eg truleg aldri når.

Men ein må jo ha noko å strekkja seg etter.

Så medan eg er på veg mot eit uoppnåeleg mål, håpar eg at bøkene eg lagar undervegs, kan vera med på å laga koselege lesestunder.

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no